

# Halling- drom



Lagsblad for Hallinglaget - i Oslo -  
- N.R. 1/09

# **INNHALD**

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Innkalling til Årsmøte</b>	<b>side</b>	<b>5</b>
<b>Årsmelding for laget 2008</b>	<b>side</b>	<b>7</b>
<b>Bilder frå 2008</b>	<b>side</b>	<b>11</b>
<b>Hyttemelding 2008</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Program for hausten</b>	<b>side</b>	<b>15</b>
<b>Hallingspringarkurset</b>	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Kjende Hallingar</b>		
- Nils Ellingsgard frå Vats	<b>side</b>	<b>18</b>
<b>Ei gamal Soge frå Raggsteindalen</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Lagsinfo</b>	<b>side</b>	<b>22</b>
<b>Minikurs i hallingspringar</b>	<b>side</b>	<b>23</b>
<b>Buskerudkappleik på Bolkesjø</b>	<b>side</b>	<b>24</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>25</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>26</b>

## Fyriord

Ja, så er det atter eit nytt år, og rundsnua er i gang att i Hallinglaget. Medan eg skriv dette, har laget alt hatt den første samkoma si i år, med ein vellykka hallingkveld, og det er voner om mange gode samkomer, turar og kappleikar i år.

I dette nummeret vil de finne eit intervju med den røynde lagstråvaren Nils Ellingsgard, som ikkje aktar å legge inn årene, sjølv om han snart rundar åttiein. Eg reknar med at ein finn få med like stor kunne om rose måling og målarar her til lands.

Buskerudkappleiken i år skal haldast på ein underleg stad – og sidan det er Jondølane som held kappleiken i år, har dei avslørt at denne staden er Bolkesjø, som ligg i Telemark ... Dei orsakar seg med at fylkesgrensa støtt har vore ekstra flytande nett i Jondalen. Her har skilet flytt seg ein rekke gonger. Spel-tradisjonen i Jondalen er som vi veit like metafysisk, og sterkt prega av dalstroka på utsida.

Andre umistelege arrangement er Folkemusikkveka på Ål fra 17. til 24. og NM i Folkemusikk på Geilo og Ål fra 23. til 28. juni. Her vil folkemusikken og alle tevlingar gå på Geilo, medan store dansemönstringar med gamaldans vil skje på Ål. Til døme ein stor midtsommardans på St. Hanseftan i Ål Folkepark 23. juni. Jørn Hilme stemnet sist i juli er heller ikkje å forakte, der kan ein også bade og kose seg i sola. Så satsar laget på ein 110 års fest ein gong i oktober.

Elles får vi vone på eit brukbart år med mykje god dans og godt spel. Lukke de åt dikka alle, og so sjåast me ratt.

- *dæ æ bære vera livlaus ell rådlaus, sa kjæringji, ho turka tå borde mæ kattunga.*

### Gamle uttrykk frå dalen:

Pank – reiseklede  
peta – ordne veden i peisen  
prainast – vera usamd  
punk – trutmunn  
punkjin – fornærma  
rjøte – snorke

## Kos dikkon med Hallingljom!

*Eilev G. Myhren,  
Bladstyrar.*

# **INNKALLING TIL ÅRSMØTE 2009**

## **I HALLINGLAGET I OSLO**

**Me kallar inn til årsmøte for Hallinglaget  
Onsdag 18. februar kl. 19.00  
i  
Blåsalen  
Nordahl Brunsgt. 22.**

### **Sakliste:**

1. Val av ordstyrar og referent
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Godkjenning av årsmelding for styret og hyttestyret for år 2008
4. Godkjenning av rekneskapen for 2008
5. Arbeidsplan for år 2009
7. Fastsettjing av prisar og medlemspengar
8. Val av nytt styre (4–6 pers.), hytteyre (3), bladnemnda (3) og valnemnda (2–3)

Saker som ein ynskjer skal takast opp, må vere styret i hende seinast 4. februar 2009.

Berre dei som har betalt medlemskontingent for 2008, har røysterett på årsmøtet.

Det vert servering av kaffi/te og kaker.

Styret håpar på godt frammøte.

Med helsing  
Styret i Hallinglaget i Oslo

**Vår kjære spelvinne Hilde Kirkebøen varmar opp før ein kappleik.**



Hilde er ei aktiv og oppteken kvinne, men tek seg alltid tid til å spele for Hallinglaget om ho kan. Sist haust vart Hilde vigsla som diakon, og ho skal attåt det gje ut CD-plate på vårparten. Me gratulerer henne med både delane og gler oss til CD'en!

**Vår tradisjonsrike småmatfest er matkultur og samlar mykje folk.**



Omlag 25 % av deltakarane 3. desember 2008, frå venstre:  
Jette Iversen, Gunvor Elise Hulebak, to som er skjult, Archie Nilsen, Else Mohn, Terje Grangård, Sigbjørn Galdal og Ove Bakken.

# Årsmelding for Hallinglaget i Oslo 2008

## **Styret:**

Leiar: Terje Grangård  
Nestleiar: Berit Grøtt Ellefsen  
Kasserar: Ove Bakken  
Skrivar: Ola R. Imset  
Styremedlem: Else Mohn  
Styremedlem: Renate Nysted Tønnessen

## **Hyttestyre:**

Hyttesjef: Else Mohn  
Medlemer: Bård Kyrkjedelen, Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo og Michel Gascoin

**Bladnemnd:** Eilev G. Myhren, Svein Aasen og Anne Cathrine Johansen.

**Valnemnd:** Kathinka Mohn, Grete Iversen og Svein Aasen.

**Danseleiar:** Oddmund Vestenfor

Hallinglaget hadde årsmøte den 6. februar i 2008. Dette året hadde Hallinglaget 40 fullt betalande medlemer og 17 bimedlemer. Av medlemene var det 2 studentar og berre ein person under 26 år. Laget håper på fleire unge til neste år.

Våren 2008 hadde laget 8 hallingspringarøvingar/lagskveldar i Blåsalen i Nordahl Bruns gt. 22, samt ei ekstraøving for dei som dansa lagdans på Oppdal med videoopptak. Dei som spelte for laget denne våren var Hilde Kirkebøen, Ola R. Imset, Lisbeth Haraldsen, Thea Tunås Bratteng og Huldraleiken Hardingfelelag som er leia av Bernt Balchen. Alle desse spelte på hardingfele unнатеke Lisbeth som spelte veldig bra på torader.

Hausten 2008 hadde laget 7 hallingspringarøvingar/lagskveldar. Hilde Kirkebøen, Ola R. Imset, Eilev G. Myhren, Magnhild Storøygard (tidlegare Aaker Gundersen) og Huldraleiken Hardingfelelag spelte. På alle øvingane er det servert heimebaka kake, noko folk set pris på. Øvingskveldane i hallingspringar har hatt eit oppmøte på 14 - 30 personar. Styret synes at dansekveldane har tatt seg opp og det er bra, for det viktigaste laget gjer er å halde liv i dette dansemiljøet i hovudstaden.

Dette året er det halde fem styremøte i Hallinglaget der me planlegg aktivitetar og drift, to møte på våren og tre på hausten. Dei tre korte møta har me hatt i lagsrommet vårt innanfor kjøkenet i Nordahl Bruns gate før springarøvingane startar. Til mat er pizza servert. To lengre møte, der styret får diskutert og planlagt meir, samt ete småmat, er halde hos underteikna. Som tidlegare år er stemninga på styremøta svært god, så alle gjer sitt beste for å møte opp. Elles er E-postmeldingar nyttig i lagsdrifta og blir mykje brukt.

Hallinglaget har arrangert 2 minikurs i hallingspringar (3. februar og 28. september). Kursa på sundagane er på ein og ein halv time før Folkedanskvelden startar. Begge kursa samla omlag 20 deltakarar og gav god blest for dansen vår. Mange som prøver seg her melder seg seinare på helgekurset som me har kvar haust. Laget rettar ein stor takk til Gunvor Elise Hulebak og

Oddmund Vestenfor som stilte opp som instruktørar og Ola R. Imset som spelte hardingfele på desse kursa i år. Sjølv om alle kostnader ved desse kursa må dekkjast av Hallinglaget er me stolte av at dei har gått med eit lite overskot. Ja, desse minikursa i Nordahl Bruns gate på sundagskveldane er populære, for her kan ein prøve ulike dansar, alt frå Jølstraspringar til Finnskogspols. Spesielt polskursa er populære, dei har jamt over førti deltakarar.

For andre gong på to år skipa Hallinglaget til ein stor Hallingkveld den 26. april. Denne kvelden vart også særstilt vellykka, med veldig bra underhaldning og dansespel. Det var same opplegget som året før, me serverte spekemat med alt det som høyrer til. Også dette året kom det folk me aldri hadde sett før, mellom andre godt vaksne folk frå Geilo som Torstein Gjeldokk kjende. Heldigvis hadde me Torstein og Best før... til å spele gammaldans, for det likte desse best! Og spesielt trekkspel minnest eg, sjølv om toradaren til Ingunn fall i smak hjå alle. Me andre kosa oss med det kolossale konsertspelet og dansespelet på hardingfele. Alle me spurte, ville spela, og som dei spelte. Fantastisk konsertspel vel Hilde Kirkebøen, Olav Luksengard Mjelva og Ingunn Stræte Lie. Desse spelte også til dans, saman med Thea Tunås Bratteng og Ola R. Imset. Saman med gammaldansen som er nemnt vart det veldig mykje bra dansing. Ei stor kulturmønstring vil me påstå. Men det kom ikkje nitti personar som me håpa, men vel seksti. Kvelden kolliderte med andre hendingar, så me måtte tåle eit relativt stort underskot. Men me har ikkje mista motet for det, så det blir heilt sikkert ein stor jubileumsfest til hausten dette året. Den som lever får sjå ... Laget vil rette ein stor takk til alle som deltok, hjelpte til, bakte kake og til alle dei framifrå spelemennene som spelte for ein rimeleg penge. Fint me kjerner slike utøvarar og moro at folk er så positive. Og så Olav då, som spelte så all smerte forsvann i siste danseøkta – eg kjente ikkje meir at eg var sliten! Han spelte også ein ekstra halvtime for oss som rydda opp i Storsalen etter festen. Det var då eg tenkte at spelar han slik så vinn han heile Lanskappleiken, og det gjorde han – samt Fanitulltevlinga på Ål og andre tevlingar. Han har vakse fram til ein meisterspelemann på kort tid, enno så ung han er.

Som tidlegare år deltok mange medlemer frå Hallinglaget på Den norske folkemusikkveka på Ål siste helga i mai (18. – 25. mai). Også i år fekk me vist oss fram då me dansa lagdans på Bygdamønstringa, og dette vart ei fin øving før Lanskappleiken. Det var Ola R. Imset som spelte for oss. Fredag og laurdag kl. 10.00 er det frukostspringar i Kulturhuset. Dette er ei viktig formidling av dansen til alle dei som kjem til Ål. Her møtte underteikna ei jente frå Litauen som dansa som ein innfødt. Ho gjekk på Manger Folkehøgskole og der hadde Ulf-Arne Johannessen vore å halde kurs ei heil veke! Ho fekk bli med oss å danse på scena og vart ven med mange. Jenta som heitte Eivile sørgerde for minst sju deltakarar til helgekurset vårt i haust, så takk til ho. Den store hallingkonserten dette året gjekk føre seg på Sundrehall på fredagen, med storspel av Olav Luksengard Mjelva og Arne Anderdal. Under dansen på føremiddagen på Sundrehall, spelte Øyvind Brabant skjorta av meg som vanleg. Kjempebra dansespel. Elles må konserten med Sofia Karlsson med orkester nemnast. Ho fekk mange vener på Ål, og ho deltok på mange av konsertane og jamma med folkemusikkarane som var der. Kor kan ein danse seg sveitt for så å gå ut i matsalen og sjå 20 av nordens beste musikkarar som spelar for livet? Takk til Ål for det, og eit tips: kjøp ei av platene til Sofia, ho er utdanna ved den Kungliga Musikhögskolan i Stockholm og kan både synge og spela.

Bygdelagsstemnet på Bygdøy 1. juni samla også dette året såpass med folk at det vart fire par som dansa for Hallinglaget. Det var nesten for varmt sommarvêr i år, difor var det lite folk på museet. Men det er triveleg å rusle rundt på museet i finstasen. Me som var der fekk dansa på den nye utescena som er laga der. Ein stor takk til Hilde Kirkebøen som spelte for Hallinglaget og Valdreslaget. Til dansen på kvelden spelte Østerdølenes Spelemannslag.

Neste år er det 60-års jubileum på Bygdøy. Då vil nemnda gå gjennom tilskipinga og sjå om noko kan gjerast betre. Det kan det sikkert; så møt opp neste år og skap blest om laget vårt. Hugs at Hallinglaget kan skaffe fribillettar til dei som vil danse eller er medlemer i laget.

Den årlege Spikjikjøtturen til Hallingbu var onsdag 11. juni. I år hadde me att mykje god spekemat etter Hallingkvelden, og med alt som hører til smaka maten særsla bra for dei elleve som var med på turen. Alle fekk benka seg rundt langbordet som me tok ut på plassen framom det store glaset i stugua. Det var utruleg at me kunne ha det så fint, for det hadde sprutregna tidlegare på dagen! Diverre skremte dette regnværet nokre slik at dei meldte seg av turen.

For andre gong klarte Hallinglaget å delta på lagdans under Landskappleiken, som dette året var lagt heilt til Oppdal. Veldig bra å kunne stille med fem par alt på onsdagen så langt unna hovudstaden. Med dansa heldigvis så seint at ein kom fram tidsnok med avreise Oslo tidleg på morgonen. Det var vanskeleg med spelemann òg, så tidleg i veka; inntil me kom i kontakt med Øyvind Brabant. Øyvind er ein sjeldan god spelemann, så me som var med hadde ei minneverdig stund under oppvarminga og når me svevde rundt på scena i ein gnistrande hallingspringar. Me fekk mykje høgare poengsum enn året før (138 mot 123 poeng), så me dansa ikkje verst! Likevel slo me berre tre lag, for nivået er høgt. Neste år skal me øve meir og gjera det enno betre. Ein stor takk til Ål Spel- og Danselag som me får stille under, for me er organisert under Noregs Ungdomslag og her er det Landslaget for Spelemenn som gjeld. Alle som dansar på Landskappleiken må vere medlem i LfS. Oppdal må få meir enn godkjent for ein særsla vellykka kappleik. Det var mindre folk enn om det var på ein sentral plass på Austlandet, men ekstra intimt når det var hallingspringar. Og for ein kveld når me dansa til vinnaren av hardingfele klasse A, som spelte ved midnatt – ein knapp time etter finalespelet. Og resultatet var kjent; ingen spelte betre enn Olav Luksengard Mjelva denne kvelden. Då var det moro å kunne danse hallingspringar. Av andre fantastiske representantar for hallingkulturen som varma oss kan nemnast: Ulf-Arne Johannessen, Ingunn Stræte Lie, Lisbeth Haraldsen, Øyvind Brabant, Martin Myhr, Margit Myhr, Vettle Springgard og Øystein Bråten som sparka hatten slik at den datt rett ned att på hovudet hans! Pluss andre som eg har gløymt, takk til alle dei som bidrog.

Rett før sommaren var alle styremedlemene så heldige å bli invitert til Randi og Sigmund Sveinhaug, til ein triveleg grillfest i Solvang Kolonihage. Om lag ti personar kunne komme og fekk oppleve kor koseleg og landleg det kan vere ”midt i Oslo”. Her har dei ein utruleg fin parsell, med alt av blomster og nyttevekstar. Me som var der vart traktert på beste måte. Så det er ikkje rart at mange har lyst til å vere med i styre og stell no! Randi og Sigmund vart sjølvsagt invitert til småmatfesten i desember som æresgjester.

Hallinglaget skipa også dette året til eit stort helgekurs i hallingspringar helga 25.- 26. oktober i Nordahl Bruns gate. Instruktørar var Toril (Stave) Kvalvågnes frå Ål og Bjørn Lien frå Flå. Hilde Kirkebøen og Ola R. Imset spelte til trampeklapp kvar sin dag. Me lukkast med PR-arbeidet, folk meldte seg på frå alle kantar av landet! Det kom folk frå Tromsø i nord til Danmark og Litauen i sør, frå Bergen og Amerika i vest til Sverige i aust. Men berre ei ny jente frå Hallingdal! Det vanskelegaste er å få med folk heimanfrå. Det var nesten 50 personar innom desse to dagane, så no er det enno fleire som kan danse hallingspringar i Osloområdet - og det bra. Hallinglaget held fram med å vere ein særsla god arrangør av folkedanskurs. Med klar og tydeleg instruksjon, drivande dansespel og god mat begge dagane. Takk til alle som bidrog på kurset, frå baking av brød, matlaging og til alle hjelpeinstruktørar. Heldigvis har det blitt slik at dei røynde dansarane i laget stiller opp for å få overført kunnskapen raskt til dei

nye. Og det lykkast! Moro å oppleve at 20 par dansa fint rundt i Storsalen på slutten av sundagen. Det gjekk fråsegner om kurset, så underteikna vart oppfordra til å skrive referat til bladet Ungdom. Artikkelen med bilde vart også sendt til Hallingdølen og er med i denne utgåva av Hallingljom. Glade tilbakemeldingar frå vene av laget er motteke av underteikna.

På Osloappleiken 15. november stilte Hallinglaget i lagdans. Hilde Kirkebøen spelte veldig bra og me seks para dansa det beste me har gjort så langt. Sjølv om me vart slått av Valdreslaget og Numedalslaget fekk me ein veldig høg poengsum. Så dei siste åra med kurs og øvingar har gjeve resultat. Osloappleiken i år vart skipa til med både tevlingar og fest i Nordahl Bruns gate. Alt fungerte veldig bra, så takk til Laget for Folkemusikk her i Oslo.

Hallinglaget arrangerte Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate både 9. mars og 30. november. Best før ... med Ola R. Imset spelte begge desse kveldane. Her får me Ola til å spele ein 3-4 hallingspringarar i pauza. Dette er god PR for dansen og vår og det har vore 12-15 par på golvet desse sundagskveldane. Merk dykk at Folkedansnemnda arbeider hardt med å halde liv i sundagsdansen. Hugs at det er særskilte gammaldansgrupper som spelar der. Om de ynskjer at dette dansemiljøet i hovudstaden skal bestå, må kvar og ein av oss ta seg ein tur nokre sundagar i året. Ta også gjerne med dykk ein ny danseglad person. Dette gjeld også dansefestane som Rundsnuen skipar til to – tre gonger i året. Til døme dansefesten med Småviltlaget frå Rørostraktene den 25. oktober var veldig bra.

På siste springarøvinga før jul (3. desember) hadde me ei fin juleavslutning, Småmatfesten er tradisjon etter 7. året på rad! Berit Grøtt Ellefsen, Else Mohn, Renate Nysted Tønnessen, Svein Aasen og Terje Grangård laga småmaten i år. Krafta er kunsten, den lagast på fyrishand og fryses ned, i vart i åra laga av Berit og Else. Småmat saman med lefsekling, flatbrød og lettøl er mat som smakar. Småmaten var særskilt godt i år og omlag 30 personar var med. Etterpå var det dans. I år spelte Ola R. Imset både gammaldans, pols og hallingspringar utover kvelden. Han blir betre og betre til å spele, så det var god stemning og mykje folk på golvet.

Hardingfela til Hallinglaget var leigd ut til Idun Bugge Mariussen dette året og laget er glad for at fela no kjem til nytte. Idun er ein lovande utøvar på fele og hardingfele, og ho er med på eit prosjekt på Musikkhøgskola for ungdom i vidaregåande skule. Dette prosjektet er leia av Vegar Vårdal. Ho overraska mange med eit fint innslag under julekonserten på Musikkhøgskola 6. desember. Her var mange frå Hallinglaget til stades, me fekk oppleve ein fin konsert og dansekveld. Høgdepunktet for oss var då Ingunn Stræte Lie trakerte toradaren. Sonen Olav Andreas på 3 ½ år deltok også med den vesle fela si. Ei oppleveling!

Lagsavisa Hallingljom har også dette året kome ut i to eksemplar. Avisa kjem no ut i farger med særskilt godt trykk av Randi, vår gode fe, som hjelper oss med det. Arbeidet med lagsbladet vårt har resultert i at avisene er blitt gode. Og dette er veldig viktig for PR-arbeidet og når me skal søke om stønader for lagsdrifta. Hallingljom er også ein viktig årsak til at aktivitetane går så bra som no. Terje har også dette året laga aktivitetsguidar for våren og hausten og har oppdatert nettsidene våre, sjå [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net).

Ein stor takk til alle som har tatt i eit tak for laget. Har de noko på hjarta, så skriv det i lagsbladet! Dette året har vore særskilt aktivt år for Hallinglaget, og no er me klare for det eitt hundre og tiande året. Leve Hallinglaget.

Terje Grangård

Styret takkar alle i laget for eit innhaldsrikt år:



Styremøte med småmat hos leiaren i Hoffsveien, og maten smakte bra!  
Frå venstre: Else Mohn, Ove Bakken, Ola R. Imset og Berit G. Ellefsen.



Renate Nysted Tønnessen kunne ikkje kome på Styremøtet over, men har vore med i Styret i mange år. Renate har mykje kunnskap om dans, og i sommar rykka ho opp i A-klassa i Dans vanleg Fele (med ein fin springleik). Ikkje nokon overrasking for oss som kjenner henne ...

Og når Renate smiler er det godt å leva for alle rundt henne.



Terje Grangård liker som alle veit heitte dansegolv, men er også ein ihuga skilaupar.

Ein stad han liker seg særskilt godt er på toppen av Gråfjell i heimkommunen Flå. Her har ein fritt utsyn i alle retningar. Her utsikt mot vest, ein kan skimte Gaustatoppen rett til venstre for hovudet hans. Sjølve toppen er på 1466 moh.

Terje takkar alle bidragsytere i året som gjekk!


Hallinglaget vil heie spesielt på desse utøvarane under NM i folkemusikk på Geilo i juni. Heilt utruleg, alle desse stilte opp på øvinga 7. januar i år og sparka i gang jubileumsåret!



Ulf-Arne Johannessen er ein meister på torader, og stiller i Dans Hardingfele kl. A og Laus kl. A. Han dansar sjølvsgåt med Ingunn.



Ingunn Stræte Lie er ein meister på torader, og stiller også i Dans Hardingfele kl. A med Ulf-Arne. Godt at me har slike utøvarar.



Olav Luksengard Mjelva, meistrar både vanleg fele og hardingfele, både konsertspel, dansespel og samspel.

Han har ein eigen evne til å formidle spelet, slik at du føler han speler til deg. På Oppdal vant han den gjævaste klassa, Hardingfele kl. A.

Hallinglaget gratulerer med bragden.

# Årsmelding for Hallingbu 2008

I år vart det min tur til å vera hyttesjef.

Bård Kyrkjedelen har hatt vernet i fleire år, og har gjort ein framifrå jobb. Han har sagt ja til å halde fram i styret, og det er Hyttestyret glad for, og laget seier takk for god jobb!

Hytta har vori bruka mykje i år som i fjar. Flest dagsturar, 12 stykker, og 5 overnattingsturar. På dagsturane har det vori med tilsaman 36 personar og på overnattingsturane 26 personar.

Fyrste turen opp til Hallingbu i 2008 tok underteikna i januar. Fint å få seg ein skitur, sjølv om siste delen av turen vart heller strevsam i djup snø utan løype. Slik som eg lærte meg fann eg mus i fella, og elles var det som alltid godt med stillhet og ro.

I mars tok Michel ein tur, og Elin og Svein stod for aprilvitjinga. Då låg det enno snø i marka, men dei brukte likevel beina, og det gjekk visst greitt i skiløypa. Dei sa det var godt å sitje i solveggen med niste og tonar frå sveivegramofonen.

På tidlegare turar har det vori registrert fukt på rommet i midten, og det var avgjort at pipa kunne trenge ein sjekk. Så, i byrjinga av mai, drog Terje, Svein og Else opp for å sjå kva som måtte gjerast. Pipebeslaget rundt pipa så greitt ut, så me avgjorde at me skulle la det vera, men pipehatt og nye isbord måtte me ha.

I slutten av mai gjekk den fyrste overnattingsturen opp til hytta der me vart åtte stykke. Då måla me resten av listene rundt dei nye fine Røros glasa me sette inn i fjar.

11 juni var den årlege Spikjikjøtturen, og med stort og smått vart me 11 stykkar. Det vart fint vær og me bar ut bord og stolar og benka oss rundt ute. Det er noko eige å sitte slik ute i finværet og ete i saman, og spikjimaten smaka slik han berre kan smake på slike turar.

I juni åpna Valdrisen danseplatttinga si borte på Buvollen for sumaren, og slik vart det samstundes og tur til Hallingbu. På denne turen vart olla reinska ordentleg opp i. Her hadde det samla seg mykje rusk og rask, og Terje og Svein gjorde ein så bra innsats at vatnet no er klart som den friskaste kjelde.

I juni vart det og ein par koseturar opp til hytta. Tenk, ingen arbeid, berre sosialt, mat og prat, og klart ein dukkert i Ormtjern.

Litt seinare i denne månaden feira Michel den franske nasjonaldagen med foreldra sine. Og me tykkjer det er stas at dei valte Hallingbu til slik ein feiring.

Første helg i august vart hytta leigd ut til studentar frå Ås landbrukshøgskule med Arvid Berge i spissen. Arvid har meldt seg inn i laget og deltok på Hallingspringarkurset i haust.

I slutten av august drog ”pipehattlaget”, Terje, Svein, Michel og Else opp på hytta med ny hatt og nye isbord. Og godt at me vart 4 stykke, for dette vart ein tung bør! Vel oppe vart borda beisa og hatten skruva på. Ingen enkel jobb, me skruva og skruva! Men Terje tok leiaransvar og fekk hatten forsvarleg på.

Og heilt sist i august hadde Terje, Svein og Oddmund ein fin tur der dei både slappa av og fekk måla meir på det innerste rommet.

Seinare på hausten har både Terje og Michel vori oppe på ei par dagsturar. Michel meinte det røyk følt i hytta med den nye pipehatten, men dette har heldigvis gjevi seg. Begge har dei ordna med veden og Terje var snill og bar ned dei 7 literane med måling som var på hytta så ho ikkje skulle frose.

Det er ingenting å seie på dugnadsånden på Hallingbu, eg tykkjer me har fått utretta mykje. Og på programmet for 2009 står mellom anna å få på nye pipeskoningar for me fryktar at fukta ikkje har gjevi seg heilt likevel; og bilde og mål av pipa har me alt teke. Det hadde og vori fint å få måla ferdig det inste rommet og dette trur eg kan bli mykje finare og trivelegare om det blir kvitmåla.

Fine turar, godt sosialt miljø og naudsynt arbeid, noko unnagjort og noko stend att for alle som vil ha fine turar til Hallingbu slik som me har hatt i året som gjekk.

Eg håpar så mange som mogleg vil gjere det og ikkje minst glede seg over å ha eiga hytte midt i finaste marka!

Else Mohn



*Michel, Svein og Else på taket på Hallingbu.  
Ein blir glad når ein er på toppen av hytta  
og marka ...*



*Terje og Michel med pipehatten montert!*

# **Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.**

## **Det er springardansing desse onsdagane:**

- 7. jan.** Springarøving kl. 19.00. Hallingkveld i Halli, med Ingunn Stræte Lie,  
Ulf-Arne Johannessen og Olav Luksengard Mjelva.  
**21. jan.** Springarøving kl. 19.00. Eilev G. Myhren spelar.  
**4. feb.** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar.  
**4. mar.** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar.  
**18. mar.** Springarøving kl. 19.00. Ola R. Imset spelar.  
**22. apr.** Springarøving kl. 19.00. Huldraleiken spelar.  
**6. mai** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar.  
**3. juni** Springarøving kl. 19.00. Hilde Kirkebøen spelar.  
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

## **Andre viktige hendingar dette halvåret:**

**Sundag 15. februar:** Minikurs i hallingspringar,  
**før Folkedanskvelden kl. 18.00. Ola R. Imset spelar!**  
Det blir instruksjon i ein og ein halv time, og det blir  
springardans ein ekstra time etter kurset. Møt opp!

**Onsdag 18. Februar:** ÅRSMØTE I HALLINGLAGET!  
Startar presis kl 19.00 i Blåsalen. Alle medlemer er velkomne.

**Helga 7. – 8. mars:** Vintertur til Hallingbu.  
Interesserte må melde seg på til laget slik at turen kan samordnast.

**25. april:** Buskerudkappleiken, i år på Bolkesjø!

**Sundag 3. mai:** Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden  
frå kl. 19.30. **Best før ...** og Ola R. Imset spelar.

**17. mai – 24. mai:** Folkemusikkveka på Ål!  
Her blir det mykje kjentfolk frå Hallinglaget. Ta fri nokre dagar i mai!

**Sundag 7. juni:** Bygdelagsstemnet på Bygdøy. 60 års jubileum!  
Hallinglaget har ansvar for eit program på 20 minutt frå omlag klukka tre.  
Dei som dansar kjem inn gratis!

**Onsdag 17. juni:** Spikjikjøttur til Hallingbu!

**23.juni –28. juni:** NM i Folkemusikk på Geilo og Ål !  
For fyrste gong, Landskappleik på Geilo og Gamaldansfestival både på Ål og Geilo.  
Her blir det mykje folk, og det er mogeleg å gjera ein dugnadsinnsats for dei som vil.

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**

**Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)**

## Helgekurs i hallingspringar, 25. - 26. oktober 2008



Fotograf: Svein Arne Sølvberg.

Frå venstre framme: Svein Aasen, Edvin Øen, Anna, Kari og Solbjørg Fridtun Aarekol, Jorun Noklev, Grete Iversen, Tove Sølvberg, Ingrid Eidsmo, Sveinung Heide Vaskinn, Åshild Kjosvatn, Anna Gjendem, Daumantas Cepulis og Arvid Berge.

Frå venstre bak: Dag Hamre, Anne Stuvøy, Bergitte Kjosvatn, Geir Berge Nordtveit, Erlend Hals Bakke, Camilla Barwin, Martina Martinsen, Gert Malt, Bente Larsen, Jette Iversen, Verner Sundvor, Sigrid Egtvedt, Merete Mølbach, Trond Roseth, Else Buskov, Sigrid Saltrø, Jon Aarekol, Olav Sem, Else Mohn, Terje Grangård, Alix Cordray, Bjørn Lien, Torill Kvalvågnes og Ola R. Imset med fela!

På biletet ser ein mange av deltakarane på kurset i Hallingspringar helga 25 og 26. oktober i Nordahl Bruns gate 22. Bildet vart tatt før siste dansen på sundagen, så diverre hadde nokon gått alt! Om ein reknar med alle som deltok på kurset, var det nesten 50 personar innom Storsalen denne helga. Instruktørar var: Torill (Stave) Kvalvågnes frå Ål og Bjørn Lien frå Gulsvik i Flå, begge er A-klassedansera. Spelemenn var Hilde Kirkebøen på laurdag og Ola R. Imset på sundag. Begge desse spelar særskilt godt dansespel på hardingfele. Instruktørane og spelemannen Ola R. Imset står i bakre rekke heilt til høgre.

Hallingspringaren er ein svært populær dans i hovudstaden. Hallinglaget har skipa til helgekurs i hallingspringar kvar haust dei siste 20 åra, og kurset har funne si form. Me hentar nedover gode instruktørar frå Hallingdal, me syter for særskilt god musikk og har funne ut at ei helg i oktober eller november er best. Kurset blir halde mellom 12.00 og 16.00 laurdag og sundag, med ei god matpause klokka to. Maten blir betre og betre for kvart år, dyktige kvinner i laget står på og lagar til ein gild lunsj og folk baker brød! I år var det spekemat, laks og brødmat på laurdagen og ei god kjøtsuppe på sundagen.

Budsjettet på eit slikt kurs er godt over ti tusen kroner, så laget treng 30 - 40 deltakarar for at det skal gå med overskot. I år hadde me ein gunstig pris for ungdom og studentar og dei kom! Det var omlag 14 ungdom under 24 år med på kurset. Det kom folk frå Tromsø i nord til Litauen i sør. Ekstra moro at jenta som me kjenner frå Litauen og som var student på Manger Folkehøgskole i fjor,

fekk med seg 4 av dagens studentar på Manger. Av desse var tre frå Litauen, og syster hennar kom eins ærend for helga! Det var mange gode dansarar frå heile landet og det kom deltakera frå Sverige, Danmark og USA. Utruleg morosamt med den gode stemninga, det var trampeklapp for spelemannen etter eit kvarter. Mange hadde dansa springaren før og det gjorde sitt til at mange fekk tak på dansen svært snøgt.

Nesten halvparten av deltakarane på kurset var også med på haustfesten til Rundsnuen på kvelden, som hadde Småviltlaget på besøk! Denne festen vart også særstak, så dette vart ei dansehelg av det gode slaget. Med eit slikt oppmøte er det lettare å satse på eit nytt helgekurs att. Og til neste år er Hallinglaget 110 år, så då blir det nok både helgekurs og stor jubileumsfest.

Nøgd leiar,  
Terje Grangård



#### **Nøgde folk på Oslokappleiken hausten 2008.**

Frå venstre: Eilev G. Myhren, Else Mohn, Berit Grøtt Ellefsen, Kathinka Mohn, Gro Sissel Taraldrud, Oddmund Vestenfor, Michel Gascoin og vår spelvinne Hilde Kirkebøen. Heile seks par deltok. Hallinglaget fikk 3. plass og heile 84 poeng!

## Kjende Hallingar



### Nils Ellingsgard

Født 1926

### Kunstnar, skribent og bygdekunstgranskare.

Har gjeve ut ei rekke bøker om rose måling.

Måleria hans blir rivne bort frå utstillingane, til døme i Oslo.

Bustad: Vats i Ål,  
Hytte: Leil. på Frogner i Oslo.

Fotograf: Svein Aasen

Hallingdølen Nils Ellingsgard har vore mykje å sjå i folkemusikkmiljøet i hovudstaden, særleg på samkomer i Hallinglaget og i Laget for folkemusikk. Han skjønar seg godt på folkemusikk og dans. Det seiest jamvel at han eig ei hardingfele, men om han spelar noko større, veit eg ikkje. Men tru om alle veit at han kanhende er den i landet som kan mest om rose måling og om dei gamle målarane på bygdene? Far min (Magne Myhren) fortel at han hugsar vel eit møte i Hallinglaget og Telelaget der Nils greidde ut om rose målinga i desse stroka, medan han sjølv hadde fenge i oppgåve å svalle om felespelet i dei same bygdene. Eg skulle gjerne ha vore fluge på veggen då desse særmerkte karane la ut om samanheng og ulikskap mellom stilene i rose målinga og spelet.

Eg har elles sjølv hatt glede av kunnskapen hans Nils då eg og kona skulle få greie på ei gamal kiste frå Sigdal som ber årstalet 1833. Nils tok saka, og var ikkje sein om å ringje attende for å fortelja kven som hadde måla ho. Eg veit også om andre som har fått liknande hjelp av Nils.

Nils er fødd på Ellingsgard i Vats i 1928, og kom nærast til å verte kulturhistorikar ved eit slumpehøve. Det var nok rik kunstnargivnad i heimemiljøet, men det var først i vaksen alder at kunstinteressa verkeleg fata hjå Nils.

I ungdomsåra var han med i teatergruppa i Hallinglaget. Men det er målarkunst og kultursoge som har vore hovudinteressa hans i livet. I 1985 vart han statsstipendiat på grunnlag av innsatsen som kulturhistorikar og formidlar. Han har ikkje berre fleire bøker på samvitet, men har også halde ei mengd med kurs og foredrag, både her i landet og i USA, der det er stor interesse for rose måling. Nils er framleis ein travel kar som har varme jarn å smi. Sjølv om han vart åtti i fjar, har han ikkje tenkt å pensjonere seg, enno.

”Tja, eg held koken brukbart, driv med akvarellmåling og held kåseri.

No til sommaren skal eg gje ut boka *Hallingdal i biletkunsten* frå 1978 om att i ei ny og utvida utgåve.”

Du driv altså ikkje berre med skriving, men målar og sjølv. Kva slag akvarellar er det du lagar?

”Det er to slag. Det eine er landskap, og det andre er eit slag fantasibilete i ein naivistisk stil. Det har vore sagt om meg at eg liknar på den franske målaren Marc Chagall i stilen, men eg er ikkje nokon Chagall, berre så det er sagt!”

-Då eg gjekk gjennom boklista di, såg eg at du hadde gjeve seks eller var det sju, bøker om rose måling i ulike bygdelag. Ei var jamvel om rose måling i Amerika? Og det er ikkje små bøker du har ansvaret for.

”Det stemmer nok. Men boka om Vest-Agder vart laga i samarbeid med Nils Georg Brekke (Vest-Agder Fylkesmuseum), og er ganske tunn.”

- Eg har og funne ut at du har landbruksskule, men lite av formell kunstfagleg utdanning? –

”Eg gjekk på Bjarne Engebrets teikneskule i Oslo attåt landbruksskula. Men interessa for bygdekunst hadde eg med meg frå barneåra.

Goffa var rose målar og heitte Nils Moen, så det var mykje bygdekunst heime.”

- Vats er ei bygd med fleire kjende bygdekunstnarar. Er dei skyldige deg, då? -

”Ja, Gro og Olav Randen er nære skyldfolk. Olav driv Ellingsgard i dag etter at bror min døydde barnlaus”

Eg må då leggje til at Gro Randen driv med saum og biletvev og er ein kapasitet på tradisjonar knytt til folkedrakter.

Nils held fram: ”Interessa for rose måling tok seg opp då eg kom til Oslo, der det var miljø for slikt på Bondeheimen. Eg lyt vel calle den nye rose målinga for ein «nystil», sidan den opphavlege rosekunsta mest døydde ut etter 1860 av di det kom inn nye impulsar og annan kunst som breidde seg på bygdene. Berre dekorasjonane på felene overlevde.

I Oslo var eg og aktiv i Hallinglaget og var fast medlem i mange år. Eg var med på ein del dansekurs, men spela ikkje så mykje.

Har ein haug med munnharper liggjande, men har ikkje halde spelet ved like. I si tid var eg med på landskappleiken på Notodden (i 1963?), der eg fekk delt andrepremie i eldre

folkemusikkinstrument i lag med Hallgrim Berg. Eg har og vore med i teatergruppa i Hallinglaget, og i BUL.

Og no held du kanhende aller mest på med foredrag om rose måling?

"Ja, mange stader. Du lyt ta med at eg har vore i USA kring 26 gonger og halde foredrag og gjeve undervisning der, knytt til Vesterheim museum i Iowa, det største etniske museet i Statane. Dette byrja eg med alt i 1969."

Nils Ellingsgard er ein triveleg kar, lett og snakke med, ein einar i sitt slag som er viljug til å dele med seg av dei store kunnskapane han sit inne med. Eg reknar med at han har mykje å gjera, så eg vel å takke for samtala. Han bed meg då til slutt om å helse til Hallinglaget.

Eg tek med den lista eg fann på nettet over bøker av Nils Ellingsgard.. Knapt alle desse er i handelen lenger då dei er rikt illustrerte praktbøker og difor ettertrakta som gåver. Men sume finst vel på antikvariat: *Rose måling i Hallingdal* (1978), *Norsk rose måling* (1981, nyutgjeve 1999), *Hallingdal i biletkunsten* (1984), *Rose måling i Vest-Agder* (Saman med Nils Georg Brekke og Vest-Agder Fylkesmuseum, 1985), *Rose måling i Valdres* (1987), Ei utgåve av *Norsk rose måling* på engelsk (1988), *Rose måling i Valdres* (1989 og 2001), *Norwegian rose painting in America. What the immigrants brought* (1993). Nils Ellingsgard er dessutan medforfattar i *Rose måling i Numedal* (2002).

Eilev G. Myhren



Bildet er teken på "Stand-Up" kvedinga under Folkemusikkveka på Ål for nokre år sidan.

Nils er veldig god til å kveda og har sitt eige kvad om den forsmådde ungkaren som ikkje lykkast! Vanvittig bra og morosamt, han står berre og hoppar på scena til slutt.

Me var heldige me som fekk oppleva han.

Fotograf: Svein Aasen

Ei gamal soge frå dalen:

### ***Om Raggsteindalsslåtten og Åse Villand.***

Anders Mehlum fortalte (1891):

*«Åse Rime i Ålsgjeld, der levde for 70 år siden, skulde en vår buføre eller drive sin buskap til Raksteindalen. Da hun næsten var kommen frem til Stølen, blev både hun og bufæt træt, og hun tog derfor rast. Kjørene lå dovent og pustede, ørtede og gjorde store øine, sauер og gjeder stod eller lå rundtom, Åse og jæteren sad på hver sin tue og nød hvilen i den lette vårluft på fjeldet.*

*Bedst som Åse skulde til at rejse sig igjen for at drive buskappen videre, hørte hun pludselt felespel. Forundret og velbehageligt satte hun sig uvilkårligt godt tilrette på sin tue igjen, hørte og hørte, og tonerne fo'r kjælent, lystigt og henrivende forbi hende. Det var, som om det var alt hendes glade ungdomsliv, der atter i et øjeblik for hende forbi. Hun hørte næsten åndeløst på hele tiden, og tilsidst fik hun høre, at der også var dans, den mest takfaste og lette dans, til felespillet inde i berget. Dette leven varede et par almindelige slåtters bel (tidsrum), og så blev der stille.*

*Åse buførte nu frem til sæteren, nynnede slåtten, hun havde hørt, og da hun kom frem, var det det første, hun gjorde, at tage felen sin ud av kløven og sette sig til at spille slåtten. Hun havde lært den fuldstændigt, og mange lærte Raksteindalsslåtten af hende igjen».*

Åse var dotter av Tolleiv Olsson Villand og Kari Larsdotter. Ho var fødd i 1765. Ho hadde ord på seg for å vera sprek til å danse, god til å låte på fela, og like lett å ekse opp som far sin, eller farfaren Blank-Ola. Ho sat mykje på stol i Raggsteindalen i unge år. Åse vart gift med Lars Nerol i 1788, og seinare hadde Åse stol i Havsdalen med. Lars og Åse fekk seinare Rime i Ål, og her sat ho til ho døydde kring 1830.

Om det er noko sant i denne segna, er det mogleg at opphavet til den springaren som gjerne er kalla Asle Myro, er knytt nett til Åse. Slåtten er og kalla opp etter henne.

### *Eilev*

Dette var fyrste del frå Eilev, og eg spurte han om samanhengen mellom Raggsteindalsslåtten og Asle Knut! (eg meinte eigentleg Asle Myro!). Om det var same slåtten og om han kunne greie dette for oss som ikkje er innvidde. For korleis låttane har blitt til og korleis dei har vandra er komplisert!

### *Terje*

**Raggsteindalsslåtten** er elles kjend som Asle Myro eller Kåte-Reiar. Forma hennar Åse kallar Hilde gjerne "Asle Myro på ljósblått" (Asle var ein stordansar frå Hol, fødd 1809). Dette er ikkje den slåtten du kallar Asle-Knut. Asle-Knut er i røynda Knut Asleson Strand, son av Asle Strand frå Ål. Springaren Asle-Knut er og kalla Asle Strand.

For å gjera det endå meir komplisert:

Asle-Knut er stundom og eit namn på slåtten Skorin, etter Knut Skoro frå Raggsteindalen. Denne slåtten er ein laus, ikkje ein springar. Det var ein telemarking som i si tid blanda ihop Knut Strand og Knut Skoro. Når ein og veit at springaren Sølve-Knut er kalla Skorin den med, tyder dette på at namna Knut og Asle har vore vel mykje nytta i øvre Hallingdal for vel 200 år sidan.

Dette vart veldig komplisert.

*Eilev G. Myhren*

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2009**

**Også i år blir studentar og ungdom mellom 16 og 25 år subsidierte**, for om mogeleg å få med fleire unge. Så her kjem ei oppfordring til alle: få med fleire ungdomar og dansarar i laget!

Fullt medlemskap for vaksne er som i fjor: **kr 350,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,-** **Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna BLS-lag: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg vanlegvis ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal helst snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet, for elles blir det unødig bruk av tid og krefter i laget for å finne ut kven som har betalt!

Hallinglaget sin konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

---

### **Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:**

- Reduksjon i pris på alle samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar og øvingskveldar i hallingspringar.
- Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
- Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
- Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
- Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
- Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste). Redusert pris på kurs i hallingspringar som laget skipar til. Vanlegvis er kurshelga om hausten.

## **MINIKURS i HALLINGSPRINGAR**

**Sundag den 15. februar i Halli kl. 18.00**

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved Oddmund Vestenfor og Gunvor Elise Hulebak  
Dansespel ved spelemannen Ola R. Imset

Frå kl. 20.00: Hallingspringar ein ekstra time  
Kom aleine, som par eller fleire i fylge. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!

Inngangspengar: 100 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden.  
Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate!

Ta med danseskoa og kom og dans!  
Og lær deg springaren før kappleikene startar opp!



Ola R. Imset er ein aktiv pensjonist som laget har mykje glede av. Han er med i Styret og er lett å be til å spele for oss. Han har eit drivande dansespel.

Ola spelar stadig betre, han spelar "alt": gammaldans, pols og hallingspringar. Også valdresspel og telespel har han prøvd seg på.

## **Buskerudkappleiken 2009.**

**Tevlingar i spel, kveding og bygdedans.**

**Buskerudkappleiken 2009 blir arrangert på  
Bolkesjø Hotell Bolkesjø, laurdag 25. april.**

Tevlingane startar kl. 12.00, Hallingkast-konkurranse kl. 17.00

### **Priser**

Deltakaravgift pr. deltakar :	Kr.	70,- / 150,- for junior/senior
Lagdans og lag spel junior	"	70,- pr. pers.
Lagdans og lag spel senior	"	100,- pr. pers.

**Påmelding etter fristen 15. april eller på kappleiken er dobbelt pris.**

Inngang kr. 120,- (Deltakarane får deltakar (fri)billett)

**Mat: Sal av mat og drikke hele dagen.**

**Dans for alle etter variert musikk fra hele fylket etter tevlingane.**

**Interessert må kontakta laget, kanskje me leiger ei hytte!**



Fotograf: Svein Aasen

Idun Mariussen overraska med eit fint innslag på julekonserten på Musikkhøgskola 6. desember, i samspel med læraren hennar Vegard Vårdal på flygel.  
Denne konserten og dansen etterpå har vorte eit kjærkome arrangement før jul.

## Folkedanskveldar våren 2009

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, minikurs i Blåsalen (kr 100,- for heile kvelden frå kl. 18.00).

Normalt frå kl. 1930-2245, i Nordahl Bruns gt 22, 0165 Oslo.

Dato	Storsalen	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
11. jan	Deltakarane		Undomsgruppa i BUL
18. jan	Farande Fant	Polsdans frå Finnskogen	Hordaringen i Oslo
25. jan	Stensgård & Rusten	Bingsjöpolkska	Sogn- og Fjordane ringen i Oslo
01. feb	Bærum spellemannslag		Rundsnuen Danselag
08. feb	Spelemannslaget De frilynde	Stildans	Symra
15. feb	Østerdølenes spellmannslag	Hallingspringar	??
22. feb	Tonje & Stein Magne		??
01. mar	Sofienberg spellemannslag	Stildans	Symra
08. mar	Veggpryden		Rundsnuen Danselag
15. mar	Husk gammeldansorkester		Numedalslaget i Oslo
22. mar	Bjørgo/Midtsveen/Velsand		Oslo Songdanslag
29. mar	Fanteladdane	Polsdans frå Finnskogen	Hordaringen i Oslo
26. apr	Østerdølenes spellmannslag		Rundsnuen Danselag
03. mai	Best før ...		Hallinglaget i Oslo
10. mai	Stensgård & Rusten	Stildans	Symra
17. mai	Spelemannslaget De frilynde		Folkedansnemnda BLS
24. mai	Steinsgårdskroken		??

Inngang: Medl. Kr 60,- ikkje medl. Kr 100,-  
Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Les meir på: [www.bl.no](http://www.bl.no)

e-post: [bls@online.no](mailto:bls@online.no)

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: [bls@ungdomslag.no](mailto:bls@ungdomslag.no), telefon: 913 22809

# **Styret i Hallinglaget 2008–2009**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@c2i.net">grangard@c2i.net</a>
<b>Nestleiar:</b>	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: <a href="mailto:berit.ellefse@dnbnor.no">berit.ellefse@dnbnor.no</a>
<b>Kasserar:</b>	Ove Bakken Måltrostveien 11, 1430 Ås	Tlf: 4810 4639 – mobil E-post: <a href="mailto:ove.bakken@md.dep.no">ove.bakken@md.dep.no</a>
<b>Skrivar:</b>	Ola R. Imset Ignaveien 129, 1912 Enebakk	Tlf: 6492 6336 – heime 9013 3907 – mobil E-post: <a href="mailto:ola@imset.net">ola@imset.net</a>
<b>Medlemer:</b>	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
	Renate Nysted Tønnesen Vallefaret 16, 0663 Oslo	Tlf: 9955 2650 - mobil, E-post: <a href="mailto:renatenysted@yahoo.com">renatenysted@yahoo.com</a>

---

## **Bladstyre for Hallingljom:**

**Leiar:** Eilev Groven Myhren  
Bertramjordet 60, 1251 Oslo      Tlf: 9056 3657 – mobil  
E-post: [eilevgmyhren@yahoo.com](mailto:eilevgmyhren@yahoo.com)

**Medlemer:** Svein Aasen og Anne Cathrine Johansen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Eilev G. Myhren eller til ein i Styret.

## **Hyttestyre for Hallingbu:**

**Leiar:** Else Mohn  
Strømsveien 25, 0658 Oslo      Tlf: 9587 9270 – mobil  
E-post: [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Bård Kyrkjedelen, Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo og Michel Gascoin.

**Revisor:** Alix Cordray      Tlf.: 2225 2949

**Valnemnd:** Kathinka Mohn, Grete Iversen og Svein Aasen.

**Hallinglaget på nettet:** Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: [www.bl.no](http://www.bl.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com), [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no) og [www.dans.laus.no](http://www.dans.laus.no)!

Hallingbu



{(?)}

32%